



Sandra Hasselquist Borge
Ådlandsvegen 356
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2986 - 17/7286

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
19.04.2017

Godkjenning - GBNR 28/7 - Løyve til frådelling av skogsteig frå fritidseigedom


Administrativt vedtak. Saknr: 106/2017

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Det blir vist til søknad med vedlegg journalført motteke 19.12.2016 om løyve til deling av gbnr 28/7 i Meland kommune, for oppretting av ny grunneigedom på om lag 4,2 daa, jf Plan- og bygningsloven (pbl) § 20-1 bokstav m.

Utsnitt frå KPA viser tiltaket (blå skravering):



VURDERING:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Nabovarsling:

Søknaden blei nabovarsla i november 2016 utan merknader, jf pbl § 21-3.

Lovgrunnlag og planstatus:

Den nye matrikkeleininga ligg i LNFR-område og er ubyggd. Det er gitt dispensasjon av Utval for drift og utvikling i møte 7.3.2017, sak 21/2017. Klagefristen er gått ut og dispensasjonen er rettskraftig.

Vilkår for deling etter plan- og bygningslova:

Ein kvar frådeling må vere i samsvar med gjeldande arealplan og de krav som elles er fastsett i eller med heimel i Plan- og bygningsloven, jf pbl § 26-1 («Opprettelse og endring av eigedom») og pbl §§ 1-1 tredje ledd («Lovens formål») og §12-4 («Rettsvirkning av reguleringsplan»).

Administrasjonen vurderer på bakgrunn av reguleringsplanen for eigedomen, samt tidlegare dispensasjons- og godkjenningsvedtak, at omsøkt frådeling vil vere i samsvar med lov- og plangrunnlaget nemnd ovanfor, og at ny matrikkeleigedom vil få hensiktsmessig storleik, form og plassering, sjå pbl § 26-1 siste punktum.

Ny matrikkeleining skal ikkje vere byggegrunn, men ligg framleis som LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel. Tilhøva til veg-, vatn- og avlaup vil vere uendra.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 bokstav m, søknad om oppretting av ny grunneigedom på om lag 4,2 daa ved deling av gbnr 28/7 i samsvar med søknad journalført 05.11.2016. For grensar og storleik blir det vist til vedlagt situasjonsplan journalført motteke same dato. Endelege grenser blir fastsett ved oppmålingsforretninga.

For grunngjeving av vedtaket blir det vist til vurderinga over. Løyvet fell bort dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter Lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyve er gitt, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med Lov om eigedomsregistrering, jf. pbl. § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Føreliggjande avgjerd er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden om deling blir ettersendt, jf. høvesvis Plan- og bygningsloven § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det blir kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Situasjonskart